

Instruks for bruk av Fitjar bedehus

1. Alle som vil bruka huset må venda seg til styret ved utleige-ansvarleg. Dei som leiger huset må fylla ut utleigeskjema. Dei som bruke/låne huset må gjera seg kjend med lovene for huset og denne instruksen.
 2. Ved alle tilstellingar og samvær skal det vera ein vaksen person til stades som står ansvarleg overfor styret for det som går føre seg.
 3. Alle arrangement må kunna sameinast med huset sitt føremål. Sjå Lover for Fitjar bedehus.
 4. Røyking eller bruk av rusmiddel er ikkje tillate i huset.
 5. Ved alle former for inntekt skal det betalast 10 % av brutto inntekt til bedehuset. Dersom ein vil bruka vipps til kollekt skal ein bruka Fitjar bedehus sin vipps 93530. Bedehuset trekk frå sine 10 % og overfører resten av kollekten til arrangør.
 6. Dei som brukar huset står økonomisk ansvarleg for eventuelle skader påført huset eller innbu under bruk, og må straks melda frå om eventuelle skader til styret.
 5. Ved bruk av oppvaskmaskin (instruks på kjøkenveggen) og/eller komfyr/steikeovn må ein setja på kjøkenvifta. Brytar for dette er på veggen ved døra til «matsalen». Hugs å skru av vifta før du går.
 6. Rom som ikkje er i bruk skal vera låst.
Dette gjeld særleg kjøken, kjøkengang, trappenedgang, vaskerom og materialrom.
 7. Alle rom som har vore i bruk, inkludert toaletta, skal vera rydda og reingjorde etter bruk. Materialrommet skal vera rydda og alt utstyr sett på rett plass. Utstyr må ikkje lånast/takast bort frå huset utan løyve.
- Golv skal vaskast med lett fuktig mopp, utan såpe. Dersom golvet er svært skittent/klissete tilset 1 dråpe Zalo i vatnet ein duppar moppen i. Hugs å vri vatnet godt ut av moppen (ikkje tøm vatn på golvet).
- Sjekk om sofaane treng støvsuging, eller vask om det er kome flekkar på dei. Bruk ev litt zalo på ein fuktig klut.
- Brukte filler/moppar skal leggjast på tilvist stad på vaskerommet (moppar i bøtte med vatn).
- Ikkje tøm vaskebøtter i utslagsvasken på vaskerommet eller i andre vaskar (tøm dei

ute eller i toalettet)

-Kjøkenutstyr skal vera reingjort og sortert på rett plass. Instruks for oppvaskmaskinen heng på veggen på kjøkenet.

-Brukte kjøkenklutar og kjøkenhandklede skal takast med heim og vaskast, og leggjast tilbake på plass raskast mogleg. Brukte dukar skal vaskast og leggjast tilbake strøkne eller rulla (festdukane)

8. Tøm alle søppelbøtter. Det er søppeldunkar utanfor huset for restavfall, bio og papir. Tomgods (øskjer, brusassar ol) må fjernast. Nye søppelposar finn ein på kjøkenet/vaskerommet.

9. Lys og varme skal slåast av når ein går frå huset. Varmepumpene skal stå på, og setjast på P (preset) eller 17 grader når ein forlet huset.

10. Sjekk at alle vindauga er lukka, og at alle ytterdører og nødutgangar er lukka og låste før ein forlet huset.

11. Flagging. Det ligg to flagg på vaskerommet. Eit stort for finversdagar og eit mindre for dagar med mykje vind/regn. Flagget må firast seinast ved solnedgang, seinast kl. 21.00. Er flagget vått/fuktig må det hengjast til tork på rekkverket på vaskerommet.

12. Sjekkpunkt før ein går:

- Har ein teke med alt sitt frå kjøleskapet og fryseboksen?
- Er flagget firt?
- Er alle rom rydda og reingjort?
- Er alle søppelbøtter tømde?
- Er kjøkenvifta slått av?
- Er alle vindauga lukka skikkeleg?
- Er alle lys sløkt?
- Er alle dører (inkludert nødutgangane) lukka og låst?

Lever ev låne-nøkkel straks til utleige-ansvarleg i bedehusstyret.

Oppdatert informasjon om styret, og gjeldande utleigeprisar, finn ein på heimesida til bedehuset:
<http://www.fitjar-bedehus.no/>

og på Fitjar bedehus si facebookside: <https://www.facebook.com/FitjarBedehus>

Fitjar 16.juni 2021

Styret for Fitjar bedehus